



Sunnfjord
kommune



Studentmelding 2023-2026

Strategi for utvikling av Førde som student- og universitetsby

Innhold

| | | |
|-----|--|----|
| 1 | Innleiing | 3 |
| 2 | Førde som studentby | 4 |
| 3 | Studentvelferd | 5 |
| 3.1 | Studentfrivillighet | 6 |
| 3.2 | Helsetilbod | 6 |
| 3.3 | Studentbustader | 8 |
| 3.4 | Kulturtilbod | 9 |
| 3.5 | Idrett og friluftsliv | 10 |
| 3.6 | Sosial aktivitet | 11 |
| 4 | Samferdsel og infrastruktur | 13 |
| 5 | Samarbeid med nærings- og arbeidslivet | 15 |
| 6 | Studentmedverknad og kommunikasjon | 16 |
| 7 | Utviklingsmål | 17 |
| 8 | Prioriterte innsatsområde og handlingsplan | 17 |
| A. | Studentmedverknad og kommunikasjon | 18 |
| B. | Samarbeid med arbeidslivet | 18 |
| C. | Arealbruk og infrastruktur | 19 |
| D. | Studentvelferd | 20 |

1 Innleiing

Sunnfjord kommune har lenge vore vertskommune for høgare utdanning, men har ikkje utforma ein politikk på korleis vi skal ivareta vertskapsrolla.

Norsk studentorganisasjon anbefaler alle vertskommunar for høgare utdanning å ha eit auka fokus på vertskapsrolla, blant anna ved å utarbeide ei studentmelding:

«Et godt vertskap har lettere for å beholde studentene etter endt utdanning, og gjør institusjonenes rekrutteringsarbeid lettere. Samtidig blir kommunene attraktive også for institusjonenes arbeidstakere, og bidrar til næringsutvikling i regionen. Med andre ord er et godt vertskap fordelaktig for alle involverte; både studenter, utdanningsinstitusjoner, næringsliv og lokalsamfunn.»

Sunnfjord kommune tek vertskapsrolla på alvor og ynskjer å bidra aktivt til å utvikle Førde som studentby. Høgskulen på Vestlandet, Fagskulen og studentane er viktige for den vidare utviklinga av Førde by, og det er viktig at kommunen fastset korleis vi skal planlegge og legge til rette for utviklinga av Førde som studentby.

- Kva ambisjonar skal Sunnfjord ha som vertskommune for studentane?
- Kva er dei viktigaste innsatsområda?
- Kva strategiar eller tiltak skal kommunen prioriterte for å bidra til ønska utvikling?

Ambisjonen om å utvikle kommunen og Førde til ein utdanningsby er også forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel, med mål om å «skape ein trygg, attraktiv og levande studentby» innan 2030.

Basert på *Studentenes helse- og trivselsundersøkelse* (ShoT) har Førde eit stort forbettringspotensiale. Denne studentmeldinga med tiltaksplan vil vere første steg for å bidra til å betre studenttrivsel i Førde

Studentmeldinga skal løfte fram dei problemstillingane og innspela som har kome frå utdanningsinstitusjonane og studentane, for å gjere Førde til ein attraktiv studentby med kvalitetar og tilbod som gjer at studentane trivst og blir ein synleg del av lokalsamfunnet.

Det vart sett saman ei arbeidsgruppe med mandat til å utarbeide studentmeldinga. Arbeidsgruppa hadde representantar frå Sunnfjord kommune, Campus Førde, Campus Verftet, Studentsamskipnaden i Førde (Saman Førde), Studentsamfunnet i Førde (SiF) og arbeidslivet. Det har blitt gjennomført fire møte.

2 Førde som studentby

Førde fungerer som eit viktig kraftsenter for Fjordane region, men også eit sentralt trafikknutepunkt på Vestlandet. Hovudstasjonen til ruteselskapet Firda Billag ligg i Førde, med bussruter til Oslo, Trondheim og Bergen, og Førde flyplass ligg 15 minutt køyring frå sentrum. Førde har også ein variert arbeidsmarknad som vertskommune for fleire statlege direktorat, høgskule, sentralsjukehus, fylkeskommune, bank og forsikring. Regionbyen har elles ei stor kultur- og medieklynge med NRK, Firda, kunstmuseum, teater, internasjonal festival, ny kulturskule og folkemuseum. Førde har difor gode føresetnadar for å vere ein attraktiv studentby med moglegheiter for vidareutvikling og utvida studietilbod.

Høgare utdanning i Førde

I Førde er det to institusjonar for høgare utdanning: Høgskulen på Vestlandet (HVL), Campus Førde, og Fagskulen Sogn og Fjordane.

Campus Verftet er eit samarbeid mellom Høgskulen på Vestlandet, Fagskulen Sogn og Fjordane og fleire aktørar i det lokale arbeidslivet. Campus Verftet har bygd opp eit felleslokale med laboratorium som kan brukast av studentar og arbeidslivet.



Høgskulen på Vestlandet, Campus Førde, er plassert på Vie og har rundt 900 studentar innan helse- og ingeniørfag. Fagskulen Vestland, avdeling Førde, er plassert på Øyrane, og har 432 studentar innan tekniske fag. Storparten av desse er deltidsstudentar, som inneber at dei er i Førde ein kort periode om gongen.

Utdanningsinstitusjonane i Førde har som mål å utvikle studietilbod og campus slik at det blir best mogleg samarbeid og samhandling på tvers av institusjonane – også mellom utdanningsinstitusjonane, Studentsamskipnaden og studentane. Studentsamskipnaden skal bidra til eit levande campus ved å tilby studentbustadar, idrettstilbod, helsetenester og sosial aktivitet sentralt på campus.

Sunnfjord kommune skal sikre utbyggingsmoglegheiter og legge til rette for at studentane opplev Førde som ein attraktiv som studiestad.

Universitetsstatus

HVL har ambisjonar om å bli universitet, og vil sende ein søknad i løpet av komande strategiperiode (2023-2030). Status som universitetscampus kan auke sjansen for at

Universitet i Bergen (UiB) etablerer «Vestlandslegen» der medisinstudiet tilbyr dei tre siste åra av studiet i Førde, Stavanger og Haugesund. Uansett vil eit universitetscampus på Vie gi ein unik sjanse til å utvikle dagens campus til eit nasjonalt universitetscampus med eit rikt utdanningstilbod lokalt og regionalt og med særleg merksemd mot å sikre tilgang til etter- og vidareutdanning.


Det er sendt ein søknad til Kunnskapsdepartementet om midlar til å kvalitetssikre korleis eit nytt, innovativt og framtidsretta universitetscampus kan utviklast. Målet er å prøve ut nye modellar for eit nytt Universitetscampus i Førde basert på ein pilot for kompetanse, utvikling og nyskaping innan helse og teknologi. Formålet er å skape større regional effekt for bu- og arbeidsområde i regionen gjennom eit tettare og meir forpliktande samarbeid og sikre attraktive og fleire kompetansearbeidsplassar i regionen.

3 Studentvelferd

Sunnfjord kommune har det primære ansvaret for innbyggjarane sine generelle velferdstenester. Studentsamskipnaden supplerer kommunen sine tenester og er ein viktig ytar for studentane sin trivsel i studietida.


Studentenes helse- og trivselsundersøkelse (ShoT) for 2018 og 2022 viser at det er eit stort forbetningspotensiale. Denne meldinga viser til undersøkingane for 2018 og 2022. Det vart gjort ei undersøking i 2021, men den blir ikkje inkludert sidan resultatet vart påverka av koronapandemien, med tydeleg nedgang på tilfredsheit ved alle studiestadane.

FIGUR 4.1.3 TILFREDSHET MED STUDIEBYEN ALT I ALT. STUDIEBYER/STEDER I VEST-NORGE



Kjelde: ShoT 2018

FIGUR 4.1.3 TILFREDSHET MED STUDIEBYEN ALT I ALT. STUDIEBYER/STEDER I VEST-NORGE#.



Kjelde: ShoT 2022

Resultatet er noko betre i 2022 samanlikna med 2018, med auke frå 48 % i 2018 til 50 % i 2022 av studentane i Førde som er svært eller ganske nøgde med studentbyen alt i alt. Sunnfjord kommune må ha ein tydeleg ambisjon om å bidra til å betre trivselen og velferda til studentane i Førde.

3.1 Studentfrivilligheit

Studentforeiningar har ei viktig rolle for å skape sosiale arenaer og auka trivsel for studentane. Det frivillige arbeidet som blir lagt ned av studentane er ein viktig faktor for å skape eit godt studentmiljø. Studentsamfunnet i Førde (SiF) er ei sosial foreining for alle studentane i Førde, og frivillige studentar tilbyr følgande:

- drift av studentkroa Akutten, med arrangement som konserter, temakvelder, standup-kvelder, kviss og anna
- arrangerer fellesturar i og rundt Førde
- lågterskeltilbod for klatring ute og inne, SiF-medlemmar får låne klatretutstyr gratis og arrangerer med jamne mellomrom brattkortkurs
- leige av symjehallen og idrettshall i Førdehuset
- student-rabatt i butikkar og tilbod på kino i Førde


Det vil vere svært viktig å ta vare på og utvikle studentorganisasjonane for å styrke studentane sitt engasjement. Det er også ønske frå studentane å opne for meir samarbeid med andre frivillige organisasjonar i Førde, som frivilligsentralen.

3.2 Helsetilbod

Ei god fysisk og psykisk helse er viktig for å fungere godt både i privatliv, arbeid og studiar. Kommunen har det primære ansvaret for studentane sitt helsetilbod, men Studentsamskipnaden i Førde har supplerande tilbod for studentane.


SHoT-undersøkingane viser at tilfredsheita med helsetilbodet har gått noko ned frå 2018 til 2022, men fleirtalet av studentane i Førde er svært eller ganske nøgde med helsetilbodet i studentbyen.

FIGUR 4.1.2.2.2 TILFREDSHET MED HELSETILBUDET. STUDIEBYER/STEDER I VEST-NORGE



Kjelde: SHoT 2018

FIGUR 4.1.4.2 TILFREDSHET MED HELSETILBUDET. STUDIEBYER/STEDER I VEST-NORGE#.



Kjelde: SHoT 2022

Kommunen har helsestasjon for unge voksne, som er ei gratisteneste med drop-in på tysdagar kl. 14.00-17.30. Kommunen tilbyr også hjelp og støtte til dei som har psykiske vanskar, men har ikkje eit eige tilbod retta mot studentane. Dei som får eit kommunalt tilbod må ha hovudutfordring innan rus eller psykisk lidning som fører til særleg stort hjelpebehov, må ha behov for tilrettelegging i dagleglivet og legeerklæring.

Legeteneste

Alle studentar, som i folkeregisteret har status som busett i Norge, har rett til å velje ein fastlege på lik linje med andre innbyggjarar. Dei treng ikkje å melde flytting til kommunen dei oppheld seg i for å bruke fastlegetilbodet. Personar som har flytta innanfor Norge og meldt flytting til ein annan kommune til folkeregisteret, kan få tilbake tidlegare fastlege om dei flyttar tilbake til heimkommunen innan tre år.

Førde legesenter har 16 fastlegar, men det er per november 2022 ingen ledige plassar, og fleire på venteliste. Det er heller ikkje ledige plassar på legekontora i Naustdal eller på Sande, men det er 175 ledige plassar på Skei. Vi har no utfordringar knytt til kapasitet i Sunnfjord, som elles i Norge. Fastlegekrisa gjev vanskar knytt til rekruttering av legar og å stabiliserer dei legane vi har. Vi får i tillegg mange nye flyktningar som også har krav på fastlege.

Vi tek denne utfordringa på største alvor, og det blir arbeidd med tiltak. Det blir mellom anna tilsett ein ny lege ved kvart av legekontora i Naustdal og på Sande som gjev nye fastelegeplassar, og sommar 2024 står nytt legesenter i Naustdal klart og det gir plass til 3 stillingar til. Vi kan ikkje opne for fleire stillingar ved Førde legesenter på grunn av avgrensa lokale, men vandring av pasientar til ledige plassar ved andre legekontor i kommunen og andre tiltak vil forhåpentleg betre situasjonen i nær framtid.

Studentsamskipnaden

I tillegg har Studentsamskipnaden i Førde følgande supplerande tilbod:

- Samtale med studentrådgjevar, gratis tilbod
- Samtale med psykolog, inntil 10 gratis timar
- Studenter spør – Gratis og anonym digital spørjeteneste, dyktige fagpersonar innan helse og karriere svarer på spørsmåla.
- [eMeistring](#) – Helse Førde, rettleia internettbehandling til studentar som slit med panikkiliding, sosial angst eller depresjon
- Kurs om diverse tema, også innanfor fysisk og psykisk helse

I tillegg har studentsamskipnaden eit Helsefond. Studentar kan søke om stønad/refusjon for større helseutgifter.

3.3 Studentbustader

Norsk studentorganisasjon slår fast at tilrettelegging for bygging av studentbustader er eitt av tiltaka som både på kort og lang sikt kan gjere mest for studentvelferd i den enkelte vertskommune.

I Førde har studentskipnaden 166 hyblar og leilegheiter for utleige til studentar ved Høgskulen på Vestlandet. Bustadane er sentralt plassert ved høgskulen, i Vieåsen:

- Tervatunet 1B er eit tun med 20 hyblar fordelt på to 2-etasjes hus.
- Tervatunet C og D, tun med 4 leilegheiter for par, 15 hybelleilegheiter for 1 person og 42 hyblar i kollektiv
- Hamretunet 14-18, 5 leilegheiter for par/foreldre med barn
- I tillegg har studentskipnaden 8 hybelhus med i alt 80 hyblar.

Dei fleste studentbustadane vart bygd kring 1970 og 1980, men det har vore stor utvikling dei siste åra. I mars 2020 fekk Studentskipnaden midlar til nybygg av hybelhus. I januar 2022 vart Tervatunet C og D innflyttingsklare, med totalt 61 nye einingar med moderne fasilitetar.

Studentsamskipnaden reknar med at noverande tilbod skal dekke behovet for studenthyblar i Førde, med det studenttalet HVL har i dag. Det er ikkje vidare utbyggingsplanar på noverande tidspunkt. Sjølv om det ikkje er behov for nye studentbustader no, bør kommunen planlegge for framtidige arealbehov for å sikre gode høve for vekst på HVL sitt Campus Førde.

Sunnfjord kommunestyre har innført fritak for eigedomsskatt for studentsamskipnadane.

Det har kome innspel frå studentane om å innføre tillegg i kommuneplanen sin arealdel, tilsvarande Bergen kommune:

«§ 9 Bolig og boligkvalitet


9.7 Studentboliger som skal eies og driftes av en studentskipnad eller studentboligstiftelse kan baseres på andre funksjons- og kvalitetskrav enn fastsatt i kommuneplanens bestemmelser.»

Dette gjev saksbehandlar høve til å bruke noko meir lempelege funksjons- og kvalitetskrav til byggesøknader og reguleringsplanar for studentbustader. Direktoratet for byggkvalitet si Byggtekniske forskrift (TEK17) har også meir lempelege krav til studentbustader, mellom anna at berre 20 prosent skal vere universelt utforma.

3.4 Kulturtilbod


Sunnfjord kommune kan bidra til å legge betre til rette for at studentar skal oppleve Førde som ein studiestad med interessante kulturtilbod der terskelen for deltaking er låg. SHoT-undersøkingane viser at studentane i Førde ikkje er nøgde med kulturtilbodet. Det er likevel positivt at det er ei auke frå 23 % i 2018 til 32 % i 2022 av studentane i Førde som er svært eller ganske nøgde med kulturtilbodet.

FIGUR 4.1.2.1.2 TILFREDSHET MED KULTURTILBUDET. STUDIEBYER/STEDER I VEST-NORGE



Kjelde: SHoT 2018

FIGUR 4.1.3.2 TILFREDSHET MED KULTURTILBUDET. STUDIEBYER/STEDER I VEST-NORGE#.



Kjelde: SHoT 2022

Sunnfjord kommune har ei mengde kulturtilbod, men dei har truleg ikkje vore synlege nok eller retta inn mot for studentane. Kommunen sitt kulturtilbod i Førde er hovudsak

sentrert på Førdehuset med kino, teater og konsertar. Førdehuset har god lokalisering i nærleiken av Høgskulen på Vestlandet. I tillegg har Larris scene konsertar, standup og andre arrangement.

Bibliotek

Sunnfjord kommune har folkebibliotek i Førdehuset. I ny folkebiblioteklov blir det lagt større vekt på biblioteket som sosial møteplass og kulturell ressurs. Biblioteket har lite aktivitetar som er retta direkte mot studentane, men mange av aktivitetane som blir tilbydd vert aktivt nytta av studentar:

- open lesesal med plass til 6 studentar (koronaavstand) og andre stadar rundt i biblioteket som vert nytta til gruppearbeid.
- arrangement som i all hovudsak er gratis.
- debattprogram, som Reite i Ringen, strikk og lytt, møte med forfattarar i regi av Rom for ord, som er eit gratis tilbod.
- gratis strøymetenester/digitale bibliotektenester - filmoteket og filmbib, naxos med klassisk musikk og bookbites (lydbøker og e-bøker)

Det er likevel eit stort behov for oppdatering og fornying av biblioteket i Førde. Dette kom tydeleg fram i mogleighetsstudien for Førdehuset. Det er eit stort potensiale for forsterking av rolla som sosial møteplass, også retta mot studentmiljøet.

Kulturkort for studentar

I juni 2021 løyvde Sunnfjord kommune 150 000 kroner, Sparebankstiftinga 200 000 kroner og HVI 150 000 kroner til eit samarbeidstiltak om eit kulturkort for studentar. Formålet med tiltaket er å bidra til at studentane i Førde blir meir aktive brukarar av kulturtilbod og skape betre studenttrivsel på Campus Førde. Studentar i Førde får 50 prosent rabatt på ei rekke kulturtilbod. Desse tilboda er med i ordninga:

- Konsertar, standup og andre hendingar på Larris scene
- Kino, konsertar og teater i Førdehuset

Ordninga med kulturkort har blitt brukt, men det kunne truleg blitt betre informert om tilbodet. Det står att noko på løyvinga som er gjort, men det ligg ikkje inne vidare løyvingar i økonomiplanen. Det bør likevel vere ein ambisjon å vidareføre ordninga om evalueringa viser at det har hatt god effekt.

Eit godt kulturtilbod er viktig for å skape trivsel og gjere studiestaden attraktivt for studentane. Sunnfjord kommune bør difor ta eit større ansvar for kulturtilbod til studentane. Dette må vi betre i samarbeid med studentane, HVL og Studentsamskipnaden.

3.5 Idrett og friluftsliv

Sunnfjord kommune subsidierer prisane for bruk av idrettshall og basseng for barn, unge og studentar i Førdehuset. Desse vilkåra gjeld ikkje i dei andre hallane i kommunen. Studentsamfunnet leigar idrettshallen i Førdehuset kvar måndag frå kl. 16.00 til 17.00, og bassenget kl. 20.00 til 22.00. Tilbodet er godt nytta, men studentane melder om større behov for leige av idrettshall. Det er stram kapasitet på Førdehuset, så dette har ikkje latt seg gjere.

Studentsamfunnet har fleire tilbod og avtalar for studentar, for å auke aktivitet:

- Klatregruppa er eit lågterskeltilbod for dei som ynskjer å klatre ute eller inne i studietida. Studentsamfunnet tilbyr gratis klatring heile tysdag og torsdag i Førde klatresenter. Alle medlemmer i SiF kan låne klatreutstyr gratis, og det blir med jamne mellomrom arrangert brattkortkurs.
- Utelivsgruppa er ei gruppe laga for nye, gamle, rutinerte og nysgjerrige turentusiastar. Både SiF og vanlege studentar arrangerer her felles turar i utmarka i og rundt Førde.
- Både Spenst og Puls treningscenter har studentrabatt.


Frå januar 2022 har studentane i Førde skipa sitt eige idrettslag, Førdestudentane sitt idrettslag (FSI). Dei har starta opp tilbod om innebandy, volleyball, fotball. Målet med initiativet er auka aktivitet og trivsel blant studentane. Gjennom møte med studentane kom det fram behov om lagringsplass for idrettslaget, det er også ønske om at studentidrettslaget får redusert leigepris for bruk av idrettshall.

Sunnfjord kommune har eit godt tilbod innanfor idrett og friluftsliv, men må syte for betre informasjon retta mot studentane. Kommunen bør også legge til rette for at studentane får nytte idrettshallane våre betre enn i dag.

3.6 Sosial aktivitet


Sosial tilhøyrse er viktig for trivsel og meistring. Sosiale aktivitetar og møtestadar er difor viktig for å sikre trivsel og eit inkluderande studentmiljø. SHoT-undersøkinga målar tilfredsheit med studentmiljøet. Blant studentane i Førde var 59 % i 2018 til 50 % i 2022 svært eller ganske nøgde med studentmiljøet.

FIGUR 4.1.2.5.2 TILFREDSHET MED STUDENTMILJØET. STUDIEBYER/STEDER I VEST-NORGE



Kjelde: SHoT 2018


FIGUR 4.1.7.2 TILFREDSHET MED STUDENTMILJØET. STUDIEBYER/STEDER I VEST-NORGE#.



Kjelde: SHoT 2022


SHoT-undersøkingane målar også tilfredsheit med utelivstilbudet i studentbyane i Norge. Førde som studiestad kjem dårleg ut på denne indikatoren og det er ein negativ trend frå frå 38 % i 2018 til 18 % i 2022 av studentane i Førde som er svært eller ganske nøgde med utelivstilbudet.

FIGUR 4.1.2.4.2 TILFREDSHET MED UTELIVSTILBUDET. STUDIEBYER/STEDER I VEST-NORGE



Kjelde: SHoT 2018

FIGUR 4.1.6.2 TILFREDSHET MED UTELIVSTILBUDET. STUDIEBYER/STEDER I VEST-NORGE#.



Kjelde: SHoT 2022

Studentsamfunnet i Førde driftar **Akuttén**, den lokale studentkroa som har forskjellige arrangement som temafestar og konsert. Det er også kviss på akuttén kvar onsdag, som er eit fint samlingspunkt for studentane. Hausten 2021 vart lokalet pussa opp for over to


millionar kroner, med støtte frå Statsbygg. Studentkroa har fått nytt golv, nye lydanlegg og heilt ny innreiing. Dette er ein viktig møteplass for studentane som har fått eit stort løft.

Studentane har i fleire år etterlyst ein møtestad for studentane i sentrum. Det vil også vere ein fordel for kommunen at studentane blir meir synlege i sentrum, men vi har ikkje klart å realisere dette. Det er truleg fleire alternativ, men spørsmålet er kor gode dei er. Larris Scene er eit godt tilbod for konsertar og arrangement for alle, inkludert studentane. Men det kan ikkje reknast som ein studentmøteplass. Leige av samfunnshuset Viking har òg vore spelt inn, men har blitt avvist som ein samlingsstad for studentane.

4 Samferdsel og infrastruktur


SHoT-undersøkingane målar tilfredsheit med kollektivtilbodet i studentbyane i Norge, og studentane i Førde er meir misfornøgde enn fornøgde med kollektivtilbodet. Det er likevel ein nedgang frå 57 % i 2018 til 38 % i 2022 av studentane i Førde som er svært eller ganske misnøgde med kollektivtilbodet.

FIGUR 4.1.2.3.2 TILFREDSHET MED KOLLEKTIVTILBUDET. STUDIEBYER/STEDER I VEST-NORGE



Kjelde: SHoT 2018

FIGUR 4.1.5.2 TILFREDSHET MED KOLLEKTIVTILBUDET. STUDIEBYER/STEDER I VEST-NORGE#.



Kjelde: SHoT 2022

Dette er i samsvar med tilbakemeldingar vi får frå studentane. Dei ønsker eit meir variert transporttilbod, som ordning for utleige av sykkel og rimeleg bybuss.

Kollektivtilbod

Vestland fylkesting har vedteke ny sonestruktur for bussprisar i Vestland. I tillegg vart det vedteke at bybussen i Førde vart innført som ein del av prosjektet «Godt kollektivgrunnlag» der det vart løyvd midlar til lågare bybusstakst. Fylkeskommunen bestilte i tillegg ei sak for å utvide busstilbodet til bydelar som ikkje har bybuss i dag. Sunnfjord kommune må vere ein aktiv pådrivar ovanfor fylkeskommunen for å betre bybusstilbodet i Sunnfjord og i Førde sentrum.

Kommestyret har vedteke ein mobilitetsstrategi. Folkehelse, by- og tettstadsutvikling og klimaomstilling er sentrale målsettingar i strategien.

Ekspressbuss og pendlarrute til Førde

Vi erfarer i dag eit dårlegare ekspressbusstilbod til og frå Bergen. Med 500 personar som dagleg pendlarar frå Florø til Førde er vi òg interesserte i å greie ut grunnlaget for «ekspressbuss» (pendlarbuss) på strekninga Florø–Naustdal–Førde. Vi bør òg sjå på eit tilbod om pendlarbuss på strekninga Skei–Vassenden–Førde. Nærmare 5 000 personar arbeidspendlar dagleg inn til Førde sentrum. Eit betre kollektivtilbod internt i kommunen kan gi studentane eit betre høve til å nytte tilbod i heile kommunen, ikkje berre i Førde sentrum.

Førdepakken – oppgradering av sykkelvegnettet i sentrum

Førdepakken inneheld [20 små og større tiltak](#) i Førde sentrum som skal betre tilhøva både for bilistar, gåande og syklande. Eitt av måla med Førdepakken er å skape eit samanhengane sykkelvegnett og skilje av trafikkgrupper for å gje betre framkome og trafikktryggleik. Oppgradering av Angedalsvegen vil vere eit løft for studentane ved HVL, sidan det blir meir attraktivt og trygt å sykle og gå til sentrum.



Sjølvsstyrande buss

Sunnfjord kommune deltok i eit pilotprosjekt om sjølvkøyrande buss i Førde. Prosjektet vart samfinansiert av samarbeidspartnarane Skyss, Sunnfjord kommune, Høgskulen på Vestlandet (HVL), Helse Førde og sponsorane BKK og Enivest AS. Bakgrunnen for prosjektet er innspel frå ein student ved [HVL Skape](#) sin Workshop om innovasjon og entreprenørskap i Førde i februar 2020.

Den 16. september starta bussen på skyttel mellom Concord og Campus Verftet på Ytre Øyrane måndag til fredag kl. 8-17, med tre avgangar i timen. Bussen har sitjeplass til seks passasjerar, og den er lagt til rette for rullestolbrukarar. Det var eit prøveprosjekt på fire månader med mål om mellom anna å lære om ny mobilitet, og å involvere studentar og lokalt arbeidsliv. Etter prøveperioden vil Skyss vurdere vidare bruk av sjølvkøyrande buss i rutetilbodet.

Sykkelordning

For Sunnfjord kommune vil også gang- og sykkeltilbod vere ein sentral del av mobilitetsstrategien. Kommunen har i samarbeid med HVL kjøpt 13 el-syklar for utlån, 7 av desse blir nytte av tilsette i kommunen, og dei 5 andre blir brukt av HVL, og kan bli reservert av studentar og tilsette. Studentane har meldt inn ynskje om at blir etablert ei sykkelordning i Førde for utlån av sykkel eller sparkesykkel. I April 2022 starta Mates utleige av el-sparkesyklar i Førde. Dette gjev eit meir variert tilbod for transport i Førde sentrum.

5 Samarbeid med nærings- og arbeidslivet

Kontakt med lokalt arbeidsliv skal vere en naturlig del av utdanninga for å sikre at studentane får relevant erfaring og at viktig kompetanse blir lagt igjen i regionen vår.

I mars 2021 la regjeringa fram stortingsmelding 16 (2020–2021) [Utdanning for omstilling – Økt arbeidslivsrelevans i høyere utdanning om overgangen frå studiar til arbeidslivet](#). Hovudmålet er å styrke kvaliteten og arbeidslivsrelevansen i høgare utdanning. Gjennom denne meldinga vil regjeringa legge til rette for breiare dialog og meir systematisk samarbeid mellom universitet, høgskular og verksemder både i stat og kommune, privat næringsliv og frivillig sektor.

Studentjobb

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Høgskulen på Vestlandet og Sunnfjord Utvikling jobbar med eit svært spennande prosjekt, [Studentjobb](#).

Kort fortalt er målsettinga til Studentjobb å gjere dei tekniske studieretningane ved HVL i Førde endå meir attraktive for å sikre studieplassane og auke søkartalet. Målet i prosjektet er at ein student som søkar studieplass ved HVL i Førde skal han/ho vere garantert ein relevant deltidsjobb med 5-10 timar i veka. Eit forpliktande samarbeid med bedriftene i Sunnfjord er avgjerande for prosjektet.

Helse Førde

Helse Førde har ei viktig rolle for studentane som studerer helsefag ved Høgskulen på Vestlandet. Helse Førde tilbyr praksisplassar til mange ulike studentkategoriar, men dei

to største gruppene er medisinstudentar og sjukepleiestudentar. For mange studentar er Helse Førde også ein viktig stad for innsamling av datamateriale til prosjektoppgåver.

Helse Førde er ein stor og viktig arbeidsgjevar i kommunen og studentane som studerer helsefag har gode tilhøve for arbeid etter studiane i Førde.

Sunnfjord kommune

I stortingsmelding 16 varsla regjeringa om utgreiing av forsterking av kommunen sitt ansvar for praksis for studentar innan helse- og sosialfag, og kva forpliktingar og kostnader det vil innebere for kommunane. Regjeringa vil også greie ut om praksiskoordinatorfunksjon for å betre samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonar og kommunar. KS omtaler praksis som eit viktig utstillingsvindaug for kommunane. Det er viktig at studentane som er i praksis i kommunen har ei god oppleving for å bygge godt omdøme og bidra positivt til rekruttering til tenestene. Kommunen må ha mål om fleire praksisplassar med god kvalitet og oppfølging.

Basert på tilbakemeldingar frå studentane har kommunen forbetringspotensiale for oppfølging av studentar som er i praksis. Det er starta eit prosjekt i grunnleggande sjukepleie, der rettleiingsarbeidet i samband med praksis er eit viktig tema. Lærarar, kontaktsjukepleiar og studentar skal bli intervjua om oppfølging, som vil bidra til betre oppfølging.

Sunnfjord kommune deltek i ordninga med Studentjobb og har fleire trainee-plassar og praksisplassar, særleg innanfor helsefaget.

6 Studentmedverknad og kommunikasjon

Høgskulen på Vestlandet har etablerte formar for studentdemokrati gjennom studentskipnaden i Førde og Studenttinget. Det er likevel viktig at kommunen legg til rette for at studentane får høve til medverknad i utviklinga av lokalsamfunnet.

Norsk studentorganisasjon tilrår at vertskommunar har faste møtepunkt mellom kommunen og studentane. Det er viktig for studentane å ha ei direkte kommunikasjonslinje til administrativ og politisk leiing i kommunen. Tilsvarande er det nyttig for kommunen å få informasjon og råd frå utdanningsinstitusjonane og studentane om aktuelle saker. Kommunen har etablerte møtepunkt med Høgskulen på Vestlandet, men det bør bli lagt til rette for samarbeid og dialog direkte med studentane.

Sunnfjord kommune har ingen informasjon på heimesida som er retta mot studentane, studentane som målgruppe er også lite synlege i kommunen sine planar. Kommunen må syte for meir målretta informasjon til studentane om kommunale tilbod. Aktuelle planar og saker bør også i større grad bli sendt til studentorganisasjonar for høyringsuttale.

Ved førre kommunestyre- og fylkestingsval og stortingsval la kommunen til rette for førehandsrøysting ved Høgskulen. Kommunen fekk veldig positive tilbakemeldingar og vil vidareføre dette tilbodet.

7 Utviklingsmål

Sunnfjord kommune har fastsett følgende mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: «**Vi utviklar kommunen og Førde som utdanningsby**», og har tydelege ambisjonar fram mot 2030:

- Vi har skapt ein trygg, attraktiv og levande studentby.
- Vi tilbyr gode helsetenester, kultur- og aktivitetstilbod til studentar i Sunnfjord
- Vi legg til rette for betre trivsel for studentane gjennom å vidareutvikle tilbodet om kulturkort og sikre eit aktivt studentidrettslag.
- Vi jobbar for å utvikle gode møteplassar der studentar og innbyggjarar kan møtast slik at studentane blir inkluderte i lokalsamfunnet og bylivet.
- Vi samarbeider med aktørar på Campus Førde for å legge til rette for at Førde får fleire studentbustader.
- Vi sikrar heilskaplege plangrep for arealbruk og transportløyisingar for å trekke studentane nærare sentrum t.d. studentbustader, utvikle kollektivtrafikk, veg, gonge og sykkel mellom skule og sentrum.
- Vi er aktive med å ta imot og tilby gode vilkår for lærlingar og studentar i praksis
- Vi skal saman med næringslivet bidra til at studentar får moglegheit til å jobbe ved sidan av studia, og synleggjere karrieremoglegheitene dei har i regionen slik at dei fleire blir verande etter studietida.
- Vi har auka tal studieplassar tilpassa regionen sine fortrinn og behov i samarbeid med Fagskulen på Vestlandet, HVL, og UiB.
- Vi har bidratt til at Campus Førde har blitt til eit universitetscampus på Vie i tett samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen, og Helse Førde.

Desse måla skal vere grunnleggande for kommunen sitt arbeid for å utvikle Førde som studentby. Vi må gjere oss meir attraktive for studentane slik at dei ønsker å kome til Førde for å studere, men også for å få fleire til å bli her når dei er ferdige med utdanninga.

8 Prioriterte innsatsområde og handlingsplan

Følgande område eller tema blir prioritert i Sunnfjord kommune for målretta utvikling av Førde som studentby:

- A. Studentmedverknad og kommunikasjon
- B. Samarbeid med arbeidslivet
- C. Arealbruk og infrastruktur
- D. Studentvelferd

Konkretisering av tiltak og prioriteringar innanfor dei ulike tema og innsatsområde blir følgt opp gjennom rullering av studentmeldinga. Ny møteforum mellom kommunen, utdanningsinstitusjonane, studentorganisasjonar og arbeidslivet vil også vere viktige for god oppfølging av studentmeldinga.

A. Studentmedverknad og kommunikasjon

Det er viktig å etablere eit fast møteforum med representantar frå kommunen, studentane, utdanningsinstitusjonane og arbeidslivet. Dette tiltaket er viktig for å sikre godt samarbeid for å utvikle Førde som studentby. Det er avgjerande å sikre deltaking frå leiarnivået ved utdanningsinstitusjonane, studentorganisasjonar, arbeidslivet og kommunen.

Kommunen har eit ansvar for å informere om eige tilbod, dette inkluderer spesielt helsetenester og andre studentretta tenester som vi tilbyr. Kommunen har god informasjon om tenestene sine på nettsida, men manglar ei samla informasjonsside retta mot studentane. Kommunen må også i større grad løfte fram Førde sin identitet som studentby og synleggjere studentane på nettsida og i planar og prosjekt.

| Tiltak | Ansvar | Tidspunkt |
|--|----------------------------|------------|
| Etablere eit fast forum for samarbeid mellom kommunen, studentorganisasjonar, HVL, Fagskulen og arbeidslivet. | Sunnfjord kommune | Våren 2023 |
| Legge betre til rette for involvering av studentane i planprosessar, studentorganisasjonen bør vere høyringspart i saker som har innverknad på studentane. | Sunnfjord kommune | Våren 2023 |
| Inkludere studentar som ei målgruppe i aktuell informasjon, planar og strategiar | Sunnfjord kommune | 2023 |
| Gjennomføre ei spørjeundersøking til studentane om studentvelferd og studentbyen Førde | Sunnfjord kommune | 2024 |
| Eigen informasjonsside på kommunen si nettside – menyval «Student i Førde» | Sunnfjord kommune, service | Våren 2023 |
| Lage digital informasjonsbrosjyre for studentar om kommunen «Student i Førde» | Sunnfjord kommune, service | 2023 |
| Studentmeldinga – årleg rapportering til folkevalde og revisjon kvart tredje år | Sunnfjord kommune | 2023-> |
| Kommunen har mottak av førehandsrøyster ved Høgskulen på Vestlandet når det er stortingsval og lokalval. | Sunnfjord kommune | 2023-> |
| Ordføraren deltek under velkomst av nye studentar ved HVL | Ordførar | 2023-> |

B. Samarbeid med arbeidslivet

Kommunen har ambisjon om at studentane skal trivast i Sunnfjord, og at det skal vere gode tilhøve for å få arbeid og etablere i kommunen etter utdanninga.

Kommunen har eit forbetningspotensiale når det gjeld oppfølging av lærlingar og studentar i praksis. Det er viktig at studentane får eit positivt inntrykk av kommunen som arbeidsstad som vil vere eit positivt bidrag før å møte utfordringar knytt til rekruttering. Studentjobb er eit positivt prosjekt for å gjere HVL i Førde meir attraktiv for studentar, og forhåpentlegvis bidra positivt til rekruttering i kommunen og regionen.

| Tiltak | Ansvar | Tidspunkt |
|--|-------------------|-----------|
| Lage rutine eller rettleiing for oppfølging av lærlingar og studentar som er i praksis i kommunen. | Sunnfjord kommune | 2023 |

| | | |
|--|---------------------|------------|
| Kommunen skal vere positive til å ta imot fleire trainee-er, læringar og studentar i praksis. | Sunnfjord kommune | 2023-> |
| Halde fram med prosjektet Studentjob, og vurdere fast ordning. | Sunnfjord Utvikling | 2023-> |
| Etablere eit fast forum for samarbeid mellom kommunen, studentorganisasjonar, HVL, Fagskulen og arbeidslivet. | Sunnfjord kommune | Våren 2023 |
| Vere ein aktiv støttespelar for HVL Førde og arbeide for å etablere nye studietilbod i samsvar med behovet i arbeidslivet. | Sunnfjord kommune | 2023-> |
| Arbeide for at Universitetet i Bergen etablerer «Vestlandslegen» der medisinstudiet tilbyr dei tre siste åra av studiet i Førde. | Sunnfjord kommune | 2023 |

C. Arealbruk og infrastruktur

Det er viktig at vertskommunen legg til rette for utbygging av studentbustader. Basert på tilbakemelding frå studentsamskipnaden er det ikkje behov for nye bustader no.

Utdanningsinstitusjonane og studentorganisasjonane er opptekne av betre mobilitetsløyser mellom Campus Verftet og Campus Førde. Dette får eit viktig løft gjennom Førdepakken, med opprusting av Angedalsvegen og eit meir samanhengande sykkelvegnett i Førde sentrum. Det er også ønske om eit godt og rimeleg bybusstilbod, og eit betre busstilbod i kommunen slik at studentane lettare kan nytte tilbod i heile kommunen.

| Tiltak | Ansvar | Tidspunkt |
|---|--|-----------|
| Legge inn føresegn i kommuneplanen sin arealdel som opnar for noko meir lempelege funksjons- og kvalitetskrav til studentsamskipnaden sine studentbustader. | Sunnfjord kommune | 2023 |
| Arbeide for betre ekspressbusstilbod til og frå Førde | Sunnfjord kommune saman med Vestland fylkeskommune | 2023-> |
| Arbeide for betre busstilbod i kommunen, som pendlarbuss strekninga Florø–Naustdal–Førde og Skei–Vassenden–Førde. | Sunnfjord kommune saman med Vestland fylkeskommune | 2023-> |
| Arbeide for eit godt og rimeleg bybuss-tilbod. | Sunnfjord kommune saman med Vestland fylkeskommune | 2023 |
| Arbeide for sykkelordning for utleige av sykkel eller el-sykkel. | HVL, Studentskipnaden, Sunnfjord kommune | 2023 |
| Arbeide for betre mobilitetsløyser mellom Campus Verftet og Campus Vie. | Sunnfjord kommune saman med Vestland fylkeskommune | 2023-> |
| Vurdere ei incentivordning for melding om flytting til Sunnfjord kommune. Blir lagt fram som eiga sak til kommunestyret. | Kommunedirektøren | 2024 |
| Oppgradering av gang- og sykkelvegnettet i Førde sentrum gjennom Førdepakken. | Sunnfjord kommune SVV og Vestland fylkeskommune | 2023-> |

D. Studentvelferd

Det er viktig kommunen tilbyr eit godt helsetilbod for studentane. Fastlegekrisa gjev oss no utfordringar knytt til kapasitet. Dette tek vi på største alvor, og det blir arbeidd med tiltak. Vi kan ikkje opne for fleire stillingar ved Førde legesenter grunna lokale, men vandring av pasientar til nye fastlegar ved andre legekontor i kommunen vil forhåpentleg betre situasjonen i nær framtid. Det bør vere ledige fastlegeplassar eller mindre venteliste ved legesenteret i Førde, slik at studentane får eit tilbod i nærleiken.

Kultur og idrett er viktige møtearenaer for studentane. Sunnfjord vil vere med å legge betre til rette for at kultur- og idrettstilboda blir opplevd som attraktive for studentane i Førde. Her treng kommunen hjelp frå studentane for å kunne tilpasse tilbodet gjennom nytt møteforum og undersøkingar. Kulturkortet er eit godt initiativ som gjev studentane halv pris på kulturtilbod ved Førdehuset og Larris Scene. Denne ordninga bør bli vidareført.

Kommunen må også bli betre på informasjonsarbeid retta mot studentane. Gjennom ny side på nettsida og digital informasjonsbrosjyre til studentane håper vi at kommunen sitt tilbod blir meir kjent og brukt.

| Tiltak | Ansvar | Tidspunkt |
|---|--------------------------|-----------|
| Planlegge og gjennomføre tiltak for å ha ledige fastlegeplassar eller mindre venteliste ved Førde legesenter. | Sunnfjord kommune | 2023-> |
| Evaluere ordninga med kulturkort for studentar og vurdere vidareføring. | HVL og Sunnfjord kommune | 2023 |
| Arbeide for ein attraktiv møteplass for studentane i sentrum. | Sunnfjord kommune, HVL | 2023-24 |
| Informasjon til studentane og kommunale kultur- og idrettstilbod, turstiar og friluftsliv | Sunnfjord kommune | 2023 |
| Informere studentorganisasjonane om kommunale tilskotsordningar | Sunnfjord kommune | 2023 |
| Kommunen skal legge til rette for samarbeid og prosjekt for studentar. | Sunnfjord kommune | 2023 |
| Arbeide for betre treningstid i idrettshallane for studentane enn i dag. | Sunnfjord kommune | 2023-> |